



Installasjonsrettleiing for antivirusprogram Avast!

Programmet Avast! 4 Home Edition kan lastast ned via Eninvest sine heimesider. Alternativt kan ein gå direkte til www.avast.com. Her finn ein programmet i menyen under "download". Trykk deg inn på lenkja: "avast! 4 Home Edition FREE Download". Her ser du at antivirusprogrammet er tilgjengeleg som norsk utgåve. Trykk på den versjonen du ynskjer installere på di maskin. Dialogboksen som under kjem opp, du vel her "Kjør".




Når fila er ferdig nedlasta, vel "Kjør".



Følg rettleiinga og godta lisensavtalen. Angi deretter kva mappe du vil at programmet skal lagrast i.

Du får deretter opp dialogvindauguet med konfigurasjon av antivirus-programmet. "Typisk" oppsett passar dei aller fleste. Programmet er då straks ferdig installert og du vert bedd om å godta ein skanning ved neste oppstart av datamaskina, og om du ynskjer ta omstart av datamaskina. Du kan godt velje ja på begge desse alternativa.



Så snart maskina startar att, vil ein fullstendig skanning av maskina starte automatisk. Eit dialogvindaug dukkar opp og ber deg registrere programmet for å motta lisensnøkkel som er gyldig i 14 månadar (etter det lyt den fornyast). Avast! vil uavhengig av dette no vere operativt på maskina di i ein prøveperiode på 60 dagar. Du kan velje om du ynskjer registrere programmet no, eller etter prøveperioden er utløpt. Du lyt gå inn på Avast sine sider (<http://www.avast.com/eng/home-registration.php>) for å bekrefte avtalen og få tildelt aktiveringsnøkkel via oppgitt e-postadresse.

Etter installasjonen av Avast! dukkar det opp to ikon nedst i høgre hjørnet på skrivebordet. Avast-ikonet gir tilgang til programmet sitt kontrollpanel. For å starte virussskanning av PC-en høgreklikkar ein dette ikonet og vel "Start avast! Antirivirus".



(Dersom du får opp eit vindaugue som etterspør lisensnøkkel, kan du dersom du har registrert deg og mottatt nøkkelen fylle inn denne her. Dersom du er innanfor prøveperioden av programmet vel du her demoversjon av programmet.)

Sjølve skanning av PC'en vert foretatt via eit panel som ser slik ut:



For å starte skanninga skal ein trykke inn "play-knappen" til venstre i programmet. Du vel kva område du vil at programmet skal skanne for virus. Ved å gå inn på kontrollpanelet (høgreklikk på avast-ikonet og vel "Program Instillinger"), kan ein stille inn og tilpasse programmet slik ein ynskjer. Meir informasjon om korleis bruke programmet kan du finne i hjelp-fila (spørjeteiknet i hovudpanelet), eventuelt på Avast! sine heimesider www.avast.com.

Dersom du skulle vere uheldig og programmet finn virus vil dialogvindauget som under dukke opp på skjermen din. Her kan du velje å avbryte forbindelsen med området der viruset er funne. Slik unngår du at maskina di vert infisert av virus.



Ta forhandsreglar for å unngå virus!

Ver obs på at virus er designa for å finne omvegar rundt antivirusprogram, slik at sjølv om ein har eit antivirusprogram installert, kan ein risikere å få virus på datamaskina si. Ta dine forhandsreglar for å unngå virusspreiing slik som å unngå å opne vedlegg frå ukjende avsendarar, pass på fildelingstenester som ofte er fulle av virus, sørg for at antivirusprogrammet automatisk lastar ned siste oppdateringar, installer alternative program for å bekjempe spionvarer slik som t.d. AdAware. Skulle uhellet vere ute kan det i tillegg løne seg å ha backup av data som er kritisk å miste. Dersom maskina må reinskast for virus vert filene på pc'en også i mange tilfeller sletta.